

Møte for lukkede dører, Stortinget 7. februar 1936

Møte for lukkede dører i Stortinget
den 7. februar 1936 kl. 17.00¹

Dagsorden:

Utenriksministeren vil gjøre rede for handelspolitiske spørsmål.

Presidenten: Presidenten foreslår møtet satt for lukkede dører, - og anser forslaget enstemmig bifalt.

Presidenten foreslår videre at Regjeringens medlemmer og de i forretningsordenens § 54 nevnte funksjonærer gis adgang til møtet, samt følgende embedsmenn fra departementene: Handelsdirektør Giverholt-Hanssen, ekspedisjonschef Hillestad, fiskeridirektør Asserson, utenriksråd Aubert, ekspedisjonschef Smith, byråchefene Aass og Tostrup samt sekretær Helgeby. Ingen har uttalt sig derimot og forslaget ansees enstemmig bifalt.

Statsråd Madsen overbragte to kgl. proposisjoner. (Se nedenfor under Referat.)

Presidenten: Utenriksministeren vil gjøre rede for handelspolitiske spørsmål.

Statsråd Koht: Det var den 24 juni i fjor eg greidde ut for Stortinget um dei handelsspørsmåla som landet vårt den gongen stod uppi. Etter den tid har eg havt høve til å leggja ymse serskilde saker fram for utanriksnemnda; men eg trur presidenten er einig med meg i at eg no går tilbake, soleis at eg gjer greie for alle dei forhandlingane det kann vera spørsmål um, som har gått for seg sidan juni i fjor.

Eg vil då fyrst gjeva nokre opplysningar um dei avtalane som vi i denne tida alt har gjort, og den fyrste av desse avtalane er ein avtale med Danmark. I Danmark er det, som Stortinget veit, valutacentralen som i dei siste åra har greidd med å regulera innførsla, og det har vore klaga på mange måtar her i landet over den måten som den norske utførsla til Danmark har vorte regulert på. Det har vore klaga på at utførsla vår vart stengd so mykje so vi ikkje kunde koma upp i den jamvekta med den danske innførsla hjå oss som vi gjerne vilde. No er det so at handelsuppgjerda vår med Danmark har svinga mykje gjennom åra, serskilt i dei siste åra - det heng i hop med alle dei norske skipskjøpa i Danmark - men ser vi burt ifrå desse skipskjøpa, so er ikkje skilnaden so svært stor på den utførsla og den innførsla vi har i handelen med Danmark. Og serskilt um vi tenkjer på at ikkje so få av dei varone som vi innfører frå Danmark, i røynda ikkje er danske varor, men varor som har gått i millomhandel gjennom Danmark, blir skilnaden endå mindre. Men det som eksportørane våre serskilt har klaga på, er den uvisse som det var med utførsla til Danmark, dette at dei aldri kunde rekna visst med kva dei kunde få inn, kva dei kunde få valuta for der i landet, og dessutan at det vart stengt for nye varor og nye folk som kunde koma inn i handelen.

¹ Gjengitt etter trykt, hemmelig referat.

Det var serskilt dette med uvisse for den norske utførsels som eg for min part tok opp med den danske utanriksministeren i ein samtale den 3 april i fjor, og som då førde til forhandlingar millom Danmark og Noreg, forhandlingar som vart førde i mai månad. Eg måtte i Stortinget i fjor segja at forhandlingane den gongen ikkje hadde ført til noko resultat. Men dei tente då likevel til å fyrebu grunnen, og forhandlingane vart tekne opp att i august månad. Dei mennene som har forhandla for Noreg både i mai og i august, og sidan no i år, er dei same; det er direktør Jahn og sekretær Helgeby.

Forhandlingane i august førde til ein avtale som er dagsett den 29 august, ein avtale som skulde gjelda for dei fire siste månadene av året 1935. Med valutaen i Danmark er det skipa soleis at den skifter året i fire "tildelingsperioder" som dei kallar dei; det er dei tidbolkane som dei ferdar ut valutaattestar for, so ein kann få valuta for innførde varor. Vi fekk då ein avtale for dei fire siste månadene, soleis at dei valutaattestane som vi hadde fått for dei same fire månadene i 1934, skulde bli auka med vel 800 000 kroner i 1935. - Her må eg skyta inn, at når det gjeld valutaattestar for utførsel til Danmark, er det tvo store varor som står utanfor, som blir rekna umfram, og det er kunstgjødsel frå Norsk Hydro og avisepapir, so desse summene eg her nemner, gjeld berre for dei andre varone. Vi skulde for dei siste fire månadene av 1935 få valutaattestar for isaman 4 800 000 kroner. Men innanfor denne summen fekk vi fastsett at visse norske varor, som vi hadde serskild interesse av å halde oppe i utførsel, fekk serskilte summar. Det var fiskhermetik og gatestein og sume andre noko mindre varor. Til vederlag for dette som vi soleis fekk i Danmark, lova Noreg velvilje med omsyn på automobilinnførsel. Det gjeld då serskilt desse amerikanske automobildelane som blir sette i hop i Danmark. Vi lova at dei skulde få same innførsel frå Danmark i 1935 som dei hadde havt i 1934. So var det ei serskild dansk vare, fjør og dun, som vi lova å føra inn noko meir av. Der vart den danske innførsel for dei siste fire månadene sett til 40 tonn, det vil segja at for heile året 1935 vilde det bli 49 tonn. Dessutan kom det til ein serskild avtale um den danske millomhandelen. Dei danske forretningane som førde inn varor frå andre land - det vil i praksis segja serskilt frå Tyskland - klaga over at dei ikkje var so vel medfarne her i landet som dei gjerne vilde vera, og vi gjekk då med på at dei skulde få slike vilkår so dei kunde få 20 pct. av vareprisane fritt til rådvelde for seg. Det vil segja at dei fekk ikkje fullt so gode vilkår som dei hadde i Sverige.

Denne avtalen frå 29 august galdt då berre for fire månader, og grunnen til at avtalen vart gjort for so stutt ein tidbolk som det, var at dei i Danmark heldt på med ei umskiping av valutacentralen sin. Dei har då no kringum årsskiftet fått i stand ei slik umskiping, og denne nye skipnaden i den danske valutacentralen har i seg sjølv gjeve den norske utførsel visse fyremuner, nettupp der vi meinte vi hadde mest å klaga over. Valutaskipnaden i Danmark har no vorte mykje meir byggjeleg; det er mykje lettare no å føra valutaattestar over frå den eine perioden til den andre, og serskilt har det vorte lettare tilgjenge for nye varor og for nye forretningsfolk.

Straks denne umskipinga hadde gått for seg, tok vi, no i fyrstninga av januar, opp nye forhandlingar med Danmark, og det gjekk rett lettvtint for seg. Vi fekk i stand ein avtale alt den 10 januar. Etter den avtalen vart summen for valutaattestar som vi skulde få i Danmark for utførsla vår dit, auka med 2,2 mill. kronor. Summen hadde for heile 1935 vore 14 millionar, og vart for 1936 sett opp til 16,2 mill. kronor, framleies umfram kunstgjødsel og avisopapir. Likeeins som for 1935 har vi for 1936 òg fått fastsett serskilde tal for visse serskilde varor, og denne gongen har det kome med nokre fleire varor på denne bundne lista - d.v.s. den som Danmark bind seg til å taka av - enn det var i 1935, og vi har fått heile summen der auka. For fiskhermetikk og gatestein er auken der ikkje noko nemnande; men det heng i hop med at vi i 1935 ikkje der nytta ut so mykje som vi kunde få av valutaattestar; det vil segja vi fekk valutaattestane, men vi førde ikkje inn varone, so der står tala nokolunde som i fjor. Men so har vi av viktigare nye varor fått summen for vegetabiliske oljor auka frå 400 000 til 600 000 kronor, det er ei heilt ny vare, som for fyrste gongen vart innført frå Noreg til Danmark i 1935, og for aluminiumsplator er summen auka frå 450 000 til 600 000 kronor. Denne auken for visse serskilde varor er tilsaman 500 000 kronor. Heile auken på 2,2 mill. kronor kjem då fyrst og fremst desse varone til godes. - Men so var vi redde for, eller hadde kanskje fått ei kjensle av, at Danmark helst vilde bruka den store auken til å kjøpa kvalolje for, og det var ei vare som vi visste Danmark gjerne vilde ha likevel, so det galdt å verna um dei andre varone, og so er det avtala at av heile denne auken på 2,2 mill. kronor skal dessutan minst 600 000 kronor bli nytta til andre varor enn kvalolje.

Det som Noreg lova til vederlag, var å gjeva løyve til å auka automobilinnførsla frå Danmark frå 7,1 mill. kronor til 8 millionar kronor, soleis med 900 000 kronor. Men det som vi i 1935 hadde gjeve Danmark av fjør og dun, det sette vi no ned frå 49 til 25 tonn av umsyn til den nye produksjonen av det som er komen upp i Noreg. Det kann nok henda at um vi hadde halde uppe den same kontingenten for dansk fjør og dun som vi gav i 1935, kunde vi ha fått litegrand meir t.d. til fiskhermetikk; men, som eg sa, det var lite um å gjera for oss, for di vi i røynda ikkje hadde nytta ut det høvet vi hadde til å selja fiskhermetikk til Danmark i 1935.

Ein serskild lovnad frå norsk side må eg endå her nemna, den at det vart lova at innførselsregulering for fersk fisk skulde det ikkje bli spursmål um å taka upp i dette året. Det var Handelsdepartementet som meinte at ein kunde gjeva den lovnaden. Eg må elles her segja for min personlege part at eg ikkje er so svært brennhuga for den tanken å stengja den danske ferskfiskinnførsla. Det er i seg sjølv ein naturleg ting at det frå det nære Danmark blir innført noko av fersk fisk her til landet, og serskilt til Oslo.

Dette er då hovudinnhaldet av desse tvo avtalane med Danmark. Den siste avtalen er gjort for heile året, men kann automatisk koma til å bli lengd ut for seinare tid. - Eg må endå leggja attåt at det var ein serskild fyresetnad for desse danske avtalane at dei skulde vera løynelege; den danske

valutacentralen serskilt kunde ikkje ynskja å lata det bli kjent for andre kva han hadde lova til Noreg.

Den neste avtalen som Noreg har gjort i dette siste halvåret, er ein avtale med Brasil, som vart underskriven den 28 september 1935. I Brasil hadde vi drive på med forhandling i heile året, og det såg ikkje ut til at det skulde føra fram, det var alltid motstand og innkast å møta. Spørsmålet var der å få løyst ut all den frosne saldoen som vi hadde for varor som i fyrevegen var selde til Brasil. Det var ein sum på umlag 2 millionar kronor som norske eksportørar hadde ståande i Brasil og ikkje fekk ut. Det var serskilt kleppfiskeeksportørane som hadde mykje ståande. Etter avtalen frå 28 september gjekk Noreg med på å kjøpa for 2 millionar kronor i kaffe frå Brasil umfram den vanlege kaffeinnførsla som vi har derifrå. 2 millionar kronor svarar so nokolunde til 50 000 sekker. Vi hadde frå fyrr ein regelrett innførsel av brasiliansk kaffe på berre 30 000 sekker, so det var eit svært stort umframkjøp det spurdest um. Men dermed kunde vi då få løyst ut alt det vi hadde til gode i Brasil. Den brasilianske kaffen vart kjøpt gjennom Norges Kolonialgrossisters Forbund, og til stønad for dette kjøpet, soleis at ikkje alle slag private importørar skulde koma i vegen, vart det då innført ei innførselsregulering for kaffe frå 4 oktober 1935. Det vart gjort i samråd med Norges Kolonialgrossisters Forbund, og det er dette forbundet som i røynda har teke på seg alt arbeidet med å esla ut alt kaffekjøpet. Kaffen skulde bli kjøpt innan tvo månader. I det minste det aller meste er alt kjøpt, so den avtalen er alt gjennomført, og vi arbeider då, og må arbeida, med å få ein avtale for framtida, soleis at det ikkje lenger skal frysa inne so mange pengar for oss i Brasil.

Av eit anna umsyn kom vi til å setja upp innførselsregulering for sukker i fjor. Det var vilkåra på Kuba som der avgjorde spørsmålet for oss. I mars i fjor vart det på Kuba gjort eit vedtak um at alle land som innførde for mindre enn 25 pct. av det som dei kjøpte hos Kuba, skulde få betala ein dobbel so høg toll som elles var sett upp. Ein måtte kjøpa på Kuba, for minst 50 pct. av det som ein selde dit, um ein vilde få godt av den minste toll. For Noreg stod det soleis at vi utførde til Kuba for umlag 2 millionar kronor, og innførsla vår derifrå var berre på 66 000 kronor. Dette talet for innførsla vår frå Kuba var i røynda nominelt; for vi kjøpte her til landet svært mykje meir frå Kuba, det var berre det at vi tok det over England. Mest alt det sukkeret som kjem her til landet frå Kuba, blir raffinert i England, og blir difor rekna som utførsel til England og ikkje til Noreg. Vi forhandla då med Regjeringa på Kuba um dette spørsmålet, og Regjeringa gjekk med på at vi kjøpte sukker på Kuba, men sende det til England og let det raffinera der, soleis at endå det først gjekk til England, skulde det likevel bli rekna for norsk kjøp, utførsel til Noreg frå Kuba. Etter den kubanske regjeringa i prinsippet hadde gått med på dette, so vart det gjort upp ein handel, soleis at vi gjennom Norges Kolonialgrossisters Forbund kjøpte - det var i desember månad - 10 700 tonn råsukker på Kuba til eit verde av tett inn på 1 million kronor, soleis at vi med det kjøpet kom upp i umlag 50 pct. av utførsla vår til Kuba. No var det so at Kuba hadde alt i fyrevegen gått med på å lata den

viktigaste norske utførselsvara, kleppfisk, koma inn for minstetollen, for kleppfisk vart rekna for ei vare som dei hadde absolutt bruk for der i landet, og for slike varor kunde det då bli gjort ei undantak, og det vart gjort vedtak um dette for den norske kleppfisken, eit vedtak som skulde gjelda fram til 2 april i år. Men andre norske varor kom då utanfor denne minstetollen; det var slike ting som røykesild, papir og tran. Men etter det som no er gjort med dette store sukkerkjøpet, skulde vi greitt koma innanfor minstetollen med alle varone våre. Vi forhandlar no framleies med Kuba um å få fast skipnad på dette grunnlaget.

Eg vil ikkje slutta umtalen av denne saka utan eg vil få sagt frå at vi skylder Norges Kolonialgrossisters Forbund stor takk for den gode og loyale hjelpa som dei har gjeve den norske staten både i det brasilianske og det kubanske spørsmålet.

Eg kjem no til det vandaste spørsmålet som vi kanskje i Utanriksdepartementet har havt med å gjera i det siste året, det er forhandlingane våre med Portugal. Eg tala um forhandlingane med Portugal i fjor og sa at vi kunde ikkje taka upp forhandlingane endå etter det pålegget som Stortinget hadde gjeve, av di at traktaten vår, tilleggsavtalen frå 4 september 1934, endå ikkje var ratifisert. Portugal ratifiserte endeleg etter mykje mas denne avtalen den 15 juli i fjor, og ratifikasjonsdokumenta vart bytt ut millom desse tvo land, Noreg og Portugal, den 9 august, so etter den tid kunde det då endeleg bli mogelegt å taka upp nye forhandlingar. Eg trur ikkje eg tek i miss når eg segjer at hovudgrunnen til at den norske regjeringa og sidan Stortinget gjekk med på tilleggsavtalen med Portugal frå 4 september, var umsynet til den norske skipsfarta. Skipsfarta hadde vorte diskriminera i Portugal på ymse måtar med tilleggsavgifter i tollen og tillegg på hamneavgifter, og det skulde vi då bli kvitt med denne avtalen frå 4 september. Den gongen Stortinget dryfte dette spørsmålet i februar i fjor, då låg det fyre frå Norges Rederforbund ei utgreiing um kva det kosta den norske skipsfarta at desse - skal vi kalla det straffesatsane - var lagde på skipsfarta vår i Portugal, og rederforbundet rekna med ein sum på 6 millionar kronor. Då vi no skulde til å fyrebu forhandlingane med Portugal, er det greitt at vi vilde gjerne i Utanriksdepartementet få eit fastare grunnlag just i dette spørsmålet, so vi kunde sjå kva det her stod um for Noreg. Eg spurde fyrst Norges Rederforbund no sist sumar um det kunde gjeva ei ny utrekning etter vi hadde havt skipsfarta i orden att etter avtalen, men rederforbundet meinte berre at det kunde halda seg til det skynet som det hadde gjort upp på fyrehand. Vi freista so i det handelspolitiske kontoret i departementet å gjera ei utrekning med grunnlag i dei opplysningane som vi sat med, og då førde den utrekninga til at straffesatsane, soleis som dei var gjennomførde, ikkje vilde gå upp til meir for eit heilt år enn 336 000 kronor. No var vi i departementet heilt klåre over at det grunnlaget som vi bygde på, det var uheilt, so dette talet måtte vera for lite, og vi hadde samstundes vendt oss til legasjonen vår i Lisboa og bede um at den måtte rekna det ut etter dei opplysningane som dei der sat inne med eller kunde skaffa fram, og i oktober fekk vi frå legasjonen der ei utrekning som førde til at straffesatsane alt i alt

gjekk opp til 1 400 000 kronor med den skipsfarta som vi då hadde i Portugal. Dei tala som vi soleis hadde fått fram i departementet og i legasjonen i Lisboa, sende vi so til Norges Rederforbund so det kunde uttala seg um det, og då var det at Norges Rederforbund endeleg gjorde ei utrekning på faktisk grunnlag, og ikkje berre etter eit skyn, og den utrekninga som Norges Rederforbund sende oss den 24 desember, gjekk ut på at med straffesatsane slik som dei då var, og med den skipsfarta som vi hadde, vilde summen koma opp i umlag 2 millionar, soleis berre tridjeparten av det som rederforbundet hadde rekna med eit år i fyrevegen. Men rederforbundet meinte likevel at det var rett å segja 6 millionar. Det synt seg at det hadde bygt denne utrekninga på, var kor stor skipsfart ein kunde tenkja seg å få i framtida, um ein t.d. skulde nå opp med skipsfarta vår på Portugal til same umfanget som han hadde for mange år tilbake. Det var denne framtida som Norges Rederforbund hadde teke med i rekninga si. Eg har dessutan bede direktør Jahn i Statistisk Centralbyrå um å sjå på desse utrekningane, og han kunde no ettervisa at rederforbundet i sume tilfelle hadde bygt på noko for høge tal, og at dei tala det brukte for skipsfarta vår gjennom dei eldre åra, ikkje alltid var tal av same slaget, so dei ikkje let seg heilt samanlikna, og det førde då til ikkje so få misrekningar. Men reknar vi då med at det vilde kosta den norske skipsfarta - eller skal vi segja den norske staten - 2 millionar kronor å halda skipsfarta uppe i same umfanget som no med dei straffesatsane som Portugal brukte fyre septemberavtalen i 1934, trur eg vi er på den trygge sida. Men må eg leggja attåt at når ein har å gjera med ei regjering som den portugisiske, kann ein rekna med at ho vil gå til høgare straffesatsar i ein ny tollkrig, enn ho gjekk til i 1934, so for so vidt kunde vi, um vi skulde våga oss ut i ein handelskrig med Portugal og få ei traktatlaus tid, likevel koma opp i slike summar som Norges Rederforbund talar um.

Då Stortinget i februar ifjor gjorde vedtaket sitt um Portugal-traktaten, gav det den norske Regjeringa tvo pålegg, det eine um å få brigde i den artikkelen som fyreskriv at norsk kleppfisk i Portugal skal bli seld etter prisen på verdsmarknaden, og det andre at vi skulde freista bli kvitt den vinkontingenten som Noreg hadde teke på seg. Det har synt seg at den lovnaden som var gjeven i avtalen av september 1934 um at Portugal skulde føra inn 40 pct. av all kleppfisken sin frå Noreg, har Portugal ikkje halde. I traktatåret frå september 1934 til september 1935 er det ikkje selt frå Noreg til Portugal meir enn 23 1/2 pct. av heile den portugisiske kleppfiskinnførsla. Um vi hadde fått 40 pct., skulde vi ha utført umlag 15 000 tonn, og vi fekk ikkje utført meir enn 9 368 tonn. Den gongen avtalen vart gjort, var det tale um at Portugal var viljug til å betala ein overpris for norsk kleppfisk i samanlikning med islandsk på 2 shilling. Det har synt seg at so stor overpris har Portugal ikkje vilja betala. Det kom siste sumar eller haust eit munnleg tilbod frå portugisisk side til norske kleppfiskeksportørar um at ein vilde betala ein overpris på 1 sh. 6 d. Slik stod då kleppfiskspursmålet, so vi hadde god grunn til å taka det opp frå norsk side no. Med umsyn til den vinkontingenten som vi tok

frå Portugal, har det synt seg at vi innfører umlag ein halv million liter portvin meir enn vi kann avsetja her i Noreg, so det skulde vera all grunn for oss til å krevja at den vinkontingenten skulde bli sett ned.

Vi kom ikkje i Utanriksdepartementet til å taka upp forhandlingar med Portugal straks tilleggsavtalen var ratifisert; det hadde kanskje heller ikkje teke seg godt ut å gjera det akkurat med det same; men til det kom at eg for min part var burte frå landet heile september månad og halve oktober, for di eg måtte møte i Folkesambandet i Genève. Men vi arbeidde då likevel i denne tida i departementet med å fyrebu forhandlingane, vi dryfte spursmålet med Handelsdepartementet, med alle dei som hadde med slike spørsmål der, med kriserådet, med Vinmonopolet og med dei serleg fiskinteresserte. Og so kom vi då til slutt til Portugal og spurde um det vilde vera med på forhandlingar, og Portugal svara ja vel; men det vilde berre forhandla um kleppfiskspursmålet, det vilde ikkje forhandla um noko anna. Vi sende likevel forhandlarar til Portugal i november månad, for vi gjekk ut frå at fekk vi fyrst det eine spursmålet upp til dryfting, måtte det andre spursmålet fylgja med, og forhandlarane våre som vart sende ut, fekk då og instruks um at dei skulde taka upp både vinspursmålet og kleppfiskspursmålet. Dei som vi sende, var ekspedisjonschef Smith og den nye chefen for traktatkontoret, hr. Prebensen. I fyrsten hadde dei til hjelp fiskeriagenten i Portugal, hr. Tingvold, og sidan, då vi kom nærare inn på spursmålet, fekk vi ein representant som Norklip i Kristiansund valde ut, det var konsul Jacob Halvorsen. Forhandlingane i Portugal vart førde frå slutten av november månad og ut desember. Det synte seg då, at når ein kom til kleppfiskspursmålet, var portugisarane ikkje so uviljuge til å gjera ein avtale. Dei skyna at dei her hadde ein urett som dei måtte gjera god att, og aller fyrst var dei viljuge til å gå med på å setja ein minstepris på den norske kleppfisken. Men det standpunktet skifte dei snart, dei vilde likevel at prisen på den norske kleppfisken skulde fylgja prisen på den islandske, soleis at dei var viljuge til å betala ein overpris på 1 sh. 6 d. til vanleg; men i alle tilfelle måtte ikkje overprisen koma til å bli meir enn 3 sh. 6 d., når prisen på islandsk fisk gjekk svært langt ned. Etter forhandlarane våre hadde drive på med dette i lengre tid og fått dette svaret at det nok kunde vera mogleg å få det til med kleppfisken, vart det til slutt reist dette spursmålet: Men kva slag kompensasjon vil so Noreg gjeva? Vi stod i denne saka, som Stortinget veit, i den vanskelege stillinga at vi på den eine sida skulde krevja at Portugal oppfylte traktaten sin i kleppfiskspursmålet og kjøpte dei 40 pct. av sin kleppfisk som det skulde taka; men når det so kanskje skulde bli spurt kva vederlag vi vilde gjeva, skulde vi svara at - ja, det vederlaget er at vi vil kjøpa mindre vin frå Dykk enn vi har bunde oss til. - Det kann synast rart for oss; men det var kanskje ikkje so rart likevel, at Portugal vilde krevja kompensasjon for å oppfylla sin traktat; for det som den portugisiske handelsministeren sa, var dette: Når eg går med på å betala so mykje meir for den norske kleppfisken enn eg kann få den islandske for, vil folket mitt her i landet koma og segja til meg at du gjer maten dyrare for oss enn du skulde, og

so må eg kunna segja at eg har fått noko att for dette. Ein kann soleis skyna det portugisiske standpunktet her, serleg set ut frå indre- portugisiske omsyn. Likevel sa dei portugisiske forhandlarane at dei kunde vera viljuge til å gjeva ein munnleg lovnad um å kjøpa den norske kleppfisken på slike vilkår som var nokolunde rimelege for oss, utan kompensasjon. Men vi hadde ikkje so gode røynslor i Portugal at vi so lett torde lita berre på munnlege lovnader, og frå sjølve forhandlingane hadde vi diverre set at portugisane kunde gå frå sine ord, so eg vil ikkje segja at eg syntest at det var noko godt grunnlag. Men dei tenkte seg då likevel frå portugisisk side, at dei kunde syta for å få kjøpt 15 000 tonn norsk kleppfisk um året, um dei berre kunde få den norske kleppfisken billeg nok.

Det kom opp i desse forhandlingane um kompensasjon eit nytt spørsmål som ikkje fyrr hadde vore framme i tilhøvet millom Portugal og Noreg. Portugisane spurde um ikkje vi vilde kjøpa mjøl eller korn hjå dei. No har Portugal i mange år vore eit land som har ført inn korn; men dei har i Portugal gjort - eg hadde nær sagt: nokolunde det same som vi har gjort her i landet, dei har gjeve slik stønad til korndyrkinga, so no har dei fått korndyrkinga soleis upp at dei hadde korn eller mjøl å selja. Og i og for seg vilde det ikkje vera urimelege um vi kunde kjøpa noko korn i Portugal, og det kunde vera mogleg at ein so kunde få binda dette i hop både med vin- og kleppfiskspørsmålet - eller rettare sagt gjera det slik at ein kjøpte noko der utan at ein beint fram bant det i hop. For i vinspørsmålet der var det mest uråd å tala med portugisane; dei tykte der at vi kunde gjerne kjøpa so mykje portvin som det skulde vera hjå dei; um vi kjøpte meir enn vi just drakk i det eine året, so vart då portvinen berre betre ved å liggja på lager, so det vilde vera til glede for oss i framtida. Men trass i det at dei soleis i Portugal har stått so hardt mot våre krav, so er det likevel mogleg at det kann endå bli ei opning soleis at det er råd å føra forhandlingane lenger og nå noko fram. Og de som der då kanskje kunde koma til å vega hjå portugisane, det er tilhøvet til Spania; for vi har måtta segja frå til Portugal um det, at når dei der plent vil ha stor vinkontingent til Noreg, so eggjar dei dermed Spania til å krevja det same, og so kunde den spanske utførsla til Noreg auka slik at det likevel vart til skade for den portugisiske. Det er eit argument som i nokon mun har vist seg å vega hjå portugisane. So eg trur som sagt at enno treng ein ikkje bryta forhandlingane der, men det er mogleg at ein der kann finna veg fram til det formålet som vi på norsk side må ha.

Det har hendt for 14 dagar sidan ein ting som kanskje kann vera til hjelp for oss - det var det skiftet som gjekk for seg innanfor den portugisiske regjeringa. Det var kring um 20 januar at umlag halvparten av regjeringa vart skift ut. Millom anna fekk dei ein ny handelsminister, og vi har røynsle for at den fyrre handelsministeren i Portugal var ein sjølvrådige og strid kar som det var vanskeleg å ha med å gjera. Det kann henda at det òg kann gjera det noko lettare; men spørsmålet blir utvilsamt, eller kann i det minste for Stortinget koma til å bli, eit val mellom kleppfiskinteressene på den eine sida og fråhaldsinteressene eller vinmonopolinteressene på den andre sida.

Av det siste eg har sagt um dei portugisiske forhandlingane, vil De sjå at vi har prøvt å binda i hop forhandlingane med Spania og med Portugal i visse måtar. Då eg tala i Stortinget her i fjor, rosa eg spaniolane noko og sa at dei var greiare folk å ha med å gjera enn portugisane; men eg er dessverre nøydd til å taka tilbake den rosen no. Forhandlingane har gått på heile det siste året nær sagt ustanseleg og har endå ikkje ført fram til nokon ting. Månad etter månad har fyrst sendemannen dernede forhandla og so den same delegasjon som var send ut til Portugal; men til no har alt vore fåfengt. Det er frå spansk side dei same krava vi møter som frå Portugal, dei vil ha ein stor og fast heitvinskontingent, og so har dei eit nytt krav, dei vil ha lette for privatinnførsla for heitvin til Noreg. Eg må no her skyta inn nokre ord um denne privatinnførsla av vin og brennevin. Det var ein viktig vinning - det skal vi ikkje gløyma - det var ein viktig vinning i Portugalsavtalen frå 4 september 1934 at Vinmonopolet fekk rett til å rekna seg full avgift på privatinnførsla av heitvin, so Vinmonopolet i røynda kom til å stengja for denne privatinnførsla, og skulde denne tilleggsavtalen frå 1934 falla burt so vi dermed stod tilbake med avtalen frå 1931, so vilde privatinnførsla av heitvin frå Portugal på nytt bli sloppen laus. Men det som vi soleis vann i avtalen med Portugal den 4 september 1934, det førde til at vi vann det same for fransk heitvin i ein avtale den 19 november 1934. Då gjekk Frankrike med på det same, men vel å merka for heitvininnførsla. For dei milde vinane vart det tvert um sett lettare vilkår for privatinnførsla. Etter vi soleis hadde fått avtalar både med Portugal og med Frankrike um denne privatinnførsla, so gjorde vi sjølve på eiga hand det same vedtaket for den spanske heitvininnførsla, for vi hadde ikkje serskild avtale med Spania um dette spørsmålet. Spania hadde berre krav på jamgode vilkår med dei andre, og straks den 26 november 1934, berre 8 dagar soleis etter avtalen med Frankrike, gjekk det eit skriv til den spanske sendemannen i Oslo um at frå dagen etter var det slutt på den nær sagt avgiftfrie privatinnførsla av spansk heitvin. Vi får vel vedgå at dette var noko brått gjort frå norsk side, og vi har fått røyndet mange gonger i forhandlingane no etterpå, at Spania har meint seg krenkt, for di vi ikkje tinga med regjeringa der på fyrehand, men berre slo fast på eige hand at slik skulde det vera.

Men det er ikkje berre denne spanske krenkjinga som kann ha gjort det vanskeleg for forhandlingane sidan og som har ført til at den spanske regjeringa har teke upp kravet um friare vilkår for privatinnførsla. Vi er dessverre nøydde til å vedgå, at nordmenn har vore med å eggja fram den spanske regjeringa i denne saka. Dei norske vinagentane har, kann henda, ikkje gått beinveges til den framande regjeringa eller til dei framande legasjonane her i Oslo, det kann vera; men dei har i det minste vendt seg til eksportørane i Spania som dei handla med, og frå dei har so presset og kravet kome til regjeringa. Ein skulde tru at for regjeringa i det framande vinlandet kunde det vera nokolunde det same anten vin derifrå vart kjøpt av eit vinmonopol eller av private, og ein kunde kanskje tenkja at regjeringa der ute heller skulde ha ein vinning av at vinen

gjekk igjennom det store vinmonopolet, for regjeringa kunde då nytta dette til krav i handelsspørsmål millom landa. Det synest difor i og for seg merkeleg at ei framand regjering endeleg skulde vilja hjelpa fram privatinnførsla på denne måten, ei privatinnførsel som i hovudsaka i det minste, berre er til vinning for dei private vinagentane her i landet. Og det har synt seg i forhandlingane at Spania ikkje vilde gjera innkast mot dette at privatinnførsla er stengd, dersom vi dessutan fekk gjennomført det for dei milde vinane. Men som eg nemnde, det er vi dessverre avskorne frå gjenom den avtalen som vart gjort med Frankrike i november 1934.

Vi har i forhandlingane med Spania sagt greitt og ope ifrå i Madrid, at vi ynskte å bli kvitt den portugisiske vinkontingenten, soleis at den ikkje burde vera noko grunnlag for kontingentkrav frå spansk side, liksom vi har sagt at vi på alle kantar ynskjer at vininnførsla skal liggja under Vinmonopolet og ikkje bli lagd fri for privatfolk. Men det er liksom at dette at vinkontingenten frå Portugal står der, har eggja den spanske regjeringa fram. Og dei har jamvel sagt at um vi so slepp fri for vinkontingent frå Portugal, vil endå Spania halda uppe sitt krav. Vi har då freista på i dette vinspursmålet å binda det saman med forhandlingane med Portugal, for di her var ein samanheng. Vi har gjort det same i kleppfiskspørsmålet, for dei norske kleppfiskeksportørane må sjå på den pyreneiske halvøya som eitt stort utførselsland, og skal dei få halda uppe utførsla si i rimeleg mun, so må dei rekna med at dei til Portugal og Spania i hop kann selja so mykje som 25 eller 30 tusen tonn um året. Kann vi då i Portugal ikkje koma lenger enn til dei 9 eller 10 tusen tonn som vi har havt der i det siste året, so er det greitt at vi må krevja eller freista i det minste å få fram i Spania so mykje som 20 000 tonn. Kann vi i Portugal koma upp i 15 000 tonn, kann vi greia oss med mindre i Spania. I 1934 hadde vi i Spania ein kontingent - for dei har kontingentert innførsla si der - på 13 000 tonn, og i 1935 hadde vi utan avtale den same kontingenten. Vi har no kravt 16 000 tonn med visse serskilde vilkår, og det ventar vi då endå på svar på.

Eg skal ikkje gå nærare inn på alle dei ulike framlegga som elles har kome på spansk side i desse forhandlingane, mange ulike framlegg som har vore kasta fram og tekne tilbake. Det har synt seg å vera svært vanskeleg å få jamne forhandlingar gåande. Men det som er klårt gjenom all vinglinga på spansk side, det er på den eine sida dette at dei vil gjerne koma fram til jamvekt i handelen soleis at utførsla og innførsla skal vega jamt, og dei vil ikkje halda uppe kleppfiskkontingenten vår slik som han står no, utan vederlag på ein eller annan måte, fyrst og fremst vederlag i vinkjøp. Andre varor ser det ikkje ut til at det skal vera so store vanskar med; der kann ein visst lett koma til liks.

Men meir og meir har det vorte so med Spania, at hovudspørsmålet ikkje lenger blir desse kontingentane, men hovudspørsmålet blir betalinga. Det er valutavanskar i Spania, som har vorte større og større. No i denne stunda står det so at den spanske valutacentralen har gjeve tilvising på betaling for norske varor so langt fram som til 15 juni i fjor. For dei siste 8 månadene - for det som er selt dit i denne tida - har

vi endå ikkje fått nokon ting. Og vi høyrer frå Spania, frå legasjonen vår der, i den aller siste meldinga som eg har fått i desse dagane, at det kann bli vanskeleg nok å få ein ny skipnad for valuta og for betaling, for det fyrste for di den regjeringa som sit no, reknar seg for å sitja so laust so ho torer lite gjera, ho ventar på vala og på dei nye Cortes som skal koma i hop i mars månad. Men stoda har vore vandare just no i den siste tida, for di tvo store land - Storbritannia og Frankrike - har no kringum årsskiftet fått i stand serskilt valutaavtale med Spania, soleis at svært mykje av den spanske valutaen går den vegen. Det blir då endå vandare for dei norske eksportørane å få sitt. Fyrebils, i denne stunda, står det stilt med forhandlingane våre i Spania, men det er klårt at det hastar. - Og her er ein ting til endå som kjem inn. Det er det som vi har høyrte frå Spania i den siste tida, at der tenkjer dei på å gjera ein trekanta handel med England og Island, soleis at England med sine varekjøp frå Spania skal vega upp det som Spania kjøper av fisk frå Island.

Dermed kjem eg inn på eit serskilt spørsmål som er viktig i alle desse forhandlingane, det er den tevlinga som Noreg har med Island i kleppfisken, - ei hard tevling, som vi då serskilt merkar på den pyreneiske halvøya. Norske eksportørar reknar med at dei treng for kleppfisken sin ein pris på 33 sh. 6 d. for ballen um handelen skal løna seg. 33 sh. 6 d. for ein balle eller 60 kg. svarar til ein pris på 11 øyre kiloet for råfisken. I det siste året har dei måtta selja for 30 sh. 6 d. som svarar til ein pris på råfisken på berre 9 øyre, og dei har betalt meir. Islendingane byd no fram sin fisk både i Spania og i Portugal for 27 sh. Det er klårt at dei norske eksportørane kann ikkje tevla på slike vilkår. Når islendingane har kunna by fram fisken sin so billeg, so kann det liggja i at sjølv produksjonskostnaden på Island er mindre; vi har ikkje kunna få nøgje greie på kva dei reknar produksjonskostnaden til der. Men det er heller ikkje tvilsamt at islendingane har fått stønad frå andre kantar til å selja fisken sin so billeg. Vi veit um at dei har havt stønad frå Hambros Bank i London, og det har gått gjetord um at den britiske regjeringa hjelpte Island i desse spørsmåla med avsetninga i Spania og Portugal. No, dette med at den britiske regjeringa har hjelpt, kann det no vera uvisst um er meir enn eit gjetord. Vi veit at islendingane i august i fjor bad den britiske regjeringa um slik stønad, men den gongen i det minste vart dei avvist. Vi på norsk side vil vel synast at denne tevlinga som Island soleis fører med oss, ikkje på alle måtar er heilt lojal. Og det er andre ting som her kjem inn som fører oss inn på den same tanken. Island nyt i denne stunda i tilhøvet til Italia vinningen av at dei ikkje er med i Folkesambandet. Det er ikkje med i Folkesambandet for di det ikkje har gått inn der i lag med Danmark, Island er ein sjølvstendig stat, og soleis er Island ikkje bunden av dei sanksjonsvedtaka som er gjort i haust i Genève, og som både Danmark og Noreg og andre land har gått med på. På den andre sida har det synt seg at Island både på Kuba og i Argentina har arbeidt med å få auke for utførsla si med grunnlag i den danske innførsla frå desse landa, soleis at Island der skulde nyta vinninga av å høyra med i det danske monarkiet. Det vil då segja at Island er sjølvstendig når det er til vinning for det,

og det er med i det danske monarkiet når det er til vinning for det. Og Island har både på Kuba og i Argentina fått stønad av den danske regjeringa. For min part unner eg islendingane alt mogleg godt, og eg tenkjer at for kvar nordmann er det naturleg å unna islendingane alt godt; vi veit at dei strir under harde vilkår. Men vi vil gjerne at denne tevlinga, som likevel må vera millom oss, for di vi sel den same vara, må bli førd på eit realt grunnlag. Vi har då freista på frå Noreg å få forhandlingar med Island um avtalar soleis at vi ikkje skulde liggja og underby kvarandre og ikkje driva med ureal tevling. Eg trur at spursmålet um slike forhandlingar med Island hadde kome upp alt fyrr eg vart utanriksminister. I det minste kom den islandske attachéen her i Oslo, Finsen, til meg straks etter eg hadde teke ved departementet og tala um slike forhandlingar, og med hjelp av Handelsdepartementet har vi ført saman dei islandske og dei norske kleppfiskeksportørar til samråding. Møtet millom dei vart halde i Newcastle i England frå 16 til 18 juli. Det vart halde i Newcastle etter islandsk ynske. Islendingane vilde ikkje koma til Danmark, og dei vilde ikkje ha det i Noreg, det skulde vera - um ein vil - på nøytral grunn. Frå Noreg møtte det kleppfiskeksportørar, frå Island møtte det heilt offisielle utsendingar med nasjonalbankdirektøren til formann. Men forhandlingane som vara i 3 dagar, førde ikkje til nokon ting. Islendingane vilde ikkje gå med på ein einaste avtale. Dei dryfte, dei diskuterte, men dei batt seg ikkje til nokon ting. Og den 22 august kom det eit telegram frå Reykjavik frå nasjonalbankdirektøren til formannen for dei norske forhandlarar, grosserer Emil Volckmar i Kristiansund, eit telegram som eg trur det er best å lesa upp i ordlyden. Det lydde:

"Grunnet de usikre forhold angående salget av islandsk klippfisk kan vi ikke for tiden ta endelig beslutning vedrørende de i England omdrøftede spørsmål."

Det vil segja at Island vilde ikkje lenger forhandla. Og som eg nemnde, det var just på den tida, i august, at islendingane vende seg til den britiske regjeringa og bad um hjelp der for utførsla si. Det er klårt at dette er med og gjer vilkåra vanskelege ikkje berre for den norske utførsla, men for forhandlingane våre i Portugal og i Spania.

Eg kjem no til ei anna forhandling som står på just i desse dagane. Det er forhandlingane med Frankrike. Med Frankrike fekk vi ein avtale den 3 april i fjor, ein avtale som gjekk ut den 31 desember. Men denne avtalen vart fyrebils oppattnya utan brigde for dei 3 fyrste månadene av dette året. Det hadde franskmennene lova. Dei heldt ikkje lovnaden sin heilt ut, dei tok til å gjera små avkortingar i dei kontingentane vi skulde ha, so det kosta oss eit lite trugsmål å få dei til å gå med på denne oppattnyinga utan brigde for tri månader. Vi måtte truga med å setja upp prisen på fransk brennevin. Avtalen frå april i fjor gav oss den hovudvinningen at det vart ende på det serskilde tillegget på innførselsavgifta som vi hadde på norske varor. Det fekk vi gjort ende på med eit stort kjøp av korn og mjøl. Vi hadde i avtalen tvo alternativ. Det alternativet som Frankrike hadde sett fremst, og det som dei nok helst vilde at vi skulde taka,

det var at vi skulde binda oss til å slå ned prisen på fransk brennevin for 3 år; men vi hadde dette andre alternativet um kornkjøp, og det førde til då igjenom med ein gong, so dermed vart vi kvitt heile det serskilde tillegget på innførselsavgifta i Frankrike. Elles er avtalen med Frankrike soleis at det ikkje frå noka av sidone kunde bli store spørsmål som det var grunn til å taka upp. I hovudsaka kunde båe partane vera nøgde. Men det var eit serspørsmål som vi likevel frå norsk side måtte leggja ikkje so lita vekt på, det var ei lisensavgift som var innført i Frankrike på 50 francs for kvar 100 kg. fiskhermetikk som vart innført, sardinar, røykesild og kva det no kunde vera. Denne lisensavgifta har ei serskild lita historie. Ho vart pålagd i mars i fjor, og skulde gjelda frå 1 april i fjor for di Frankrike kom i handelskrig med Portugal. Då vart vår hermetikk rekna jamt med den portugisiske. Då vi gjorde motkast mot dette, so sa dei i Frankrike: Nei, vi må rekna den norske hermetikken for same slaget som den portugisiske, og vi kann ikkje lata denne lisensavgifta gjelda berre for portugisisk hermetikk, ho må gjelda for alt i hop. Men so hende det at i september 1935 vart det ende på handelskrigen millom Portugal og Frankrike, og denne lisensavgifta vart då teken burt frå den portugisiske fiskhermetikken, men Frankrike heldt ho uppe for den norske fiskhermetikken. Då so vi protesterte og sa: men dette er då same slaget, - so sa dei: nei, no reknar vi ikkje lenger den norske fiskhermetikken for same slaget som den portugisiske, no er den eit anna slag, so no kann vi halda uppe denne lisensavgifta. Det er ikkje noko svært stort økonomisk spørsmål det her står um for Noreg, for vi har ikkje so mykje utførsel av fiskhermetikk til Frankrike, men noko har vi då. Men vi måtte leggja vekt på dette kravet vårt um å få burt lisensavgifta, for di vi var overtydde um at her bar ikkje Frankrike seg rett åt, det var urettvis framferd som vart nytta mot oss. Og vi har då i dei forhandlingar vi har ført frå midt i januar og framover til desse dagane, gjort dei aller sterkaste fyreteljingar um denne saka. Vi har ikkje berre sagt frå til dei franske forhandlarane, men bede sjølve sendemannen vår i Paris gå upp i det franske utanriksdepartement og segja frå um at vi reknar dette for å vera i strid med millomfolkeleg sømd og retttferd. Vi har nytta sterke ord soleis, men det har alt vore fåfengt. Det som det syner seg ligg bak her, er indrepolitiske umsyn; Frankrike har sine fiskarar det òg, som det må taka umsyn til og rekna med i den indre politikken, og dei vilde i det minste venta til etter det har vore val, med å gjera um att denne uretten. Dei vil ikkje lova beint ut å taka burt denne avgifta, men det som dei vil gå med på, er å tenkja med velvilje på det kravet når det sidan kjem fram. Eg kann ikkje segja anna enn at vi burde ikkje ha venta slik framferd frå den franske regjeringa, men vi har ikkje vilja bryta forhandlingane på dette punktet, for di det ikkje var noko stort økonomisk spørsmål for oss, og i forhandlingane med Frankrike har vi elles denne gongen stått rett sterkt, for di vi i det siste året har auka innførsla vår frå Frankrike rett mykje, medan samstundes utførsla vår til Frankrike berre har auka lite, soleis at jamvekta millom ut- og innførsel har vorte

so nokolunde, medan det fyrr var mykje større utførsel frå Noreg til Frankrike enn det var frå Frankrike til Noreg.

Eg må berre endå nemna at det er eit nytt spørsmål som har kome inn i desse siste forhandlingane, som fyrr har vore utanfor, det er utførsla vår av avisopapir til Frankrike. Det har fyrr vore skipa i privat avtale millom papirfabrikantane, men no har det kome med i forhandlingane. Og der har vi på norsk side vorte noko uppskremde av meldingar um at dei i Frankrike tenkte på å gjeva ein produksjonspremi til innanlandsk papir soleis at det norske avisopapiret skulde bli heilt utestengt. Men so ser det då ut til at vi i staden skal få inn i avtalen ein serskild artikkel med ein jamvektsklausul som går ut på, at um eit eller anna slikt tilhøve i ut- eller innførsla blir skipla, kann den andre parten krevja kompensasjon, og denne jamvektsklausulen er det dessutan fyresetnaden skal gjelda for det tilfellet at det blir valutaskifte. Um det skulde henda at den franske franken gjekk ned, vilde vi kunna koma til å krevja kompensasjon. Desse forhandlingane med Frankrike ventar eg skal bli ført til endes no ein av desse dagane, og avtalen skal då sjølvsagt bli lagd fram for Stortinget.

Dermed er eg for min part ferdig med det som eg vil kalla dei store spørsmåla, av det vi har forhandla um i det siste halve året og vel so det. Det er ymse småforhandlingar som har vore ført på ymse kantar, som eg ikkje trur det er nokon grunn til å gå serskilt inn på. Vi forhandlar med Romania um å få løyst ut alle dei fastfrosne krava vi har der. Det kann henda vi kann få gjort det med eit kornkjøp der, men det er endå på det uvisse. Vi har ei sak med dei Foreinte Statane i Amerika, som vi ikkje just forhandlar um, men som ligg under mykje av dei forhandlingane som det elles skulde bli tale um. Det er den amerikanske innførselsavgifta på kvalolje. Det er ei avgift som vi har protestert imot, for di vi har rekna for at den var i strid med traktaten vår med Amerika. Den amerikanske regjeringa er einig med oss og har gjort mykje arbeid for å få dette umgjort i kongressen; men det har til dato ikkje ført fram. Vi nådde so langt i fjor sumar at senatet gjorde vedtak um å taka burt denne kvaloljeavgifta, men det fall i representanthuset straks fyrr kongressen slutta. No er kongressen samla på nytt, og det blir gjort eit idig arbeid der mot denne kvaloljeavgifta, og på nytt set regjeringa mykje inn på dette. Dei som står imot, er visse agrarinteressor, som har sett seg i hovudet at denne kvaloljen skal vera til skade for dei, endå det er heilt klårt at den kvaloljen som blir innført frå Noreg til Amerika, har vorte nytta og skal bli nytta til såpefabrikasjon og ikkje til mat. Men det blir likevel frå dei interessone som eg nemnde, ført ein hard strid mot å taka burt kvaloljeavgifta. Og eg må di verre segja at det vedtaket som vart gjort i Stortinget her no nylig um å lata den høge epletollen stå heilt fram til 7 mars, har gjort vanskar på nytt for Noreg i denne striden um kvaloljeavgifta.

Andre spørsmål har eg ikkje no å tala um. Eg trur det er klårt for Stortinget at vi på alle kantar står i ein hard strid for utførsla vår, for handelen vår i det heile, og eg trur det er likso klårt, at det nyttar ikkje i denne striden å ropa på noko slag prinsipp. Vi må lempa oss etter dei vilkåra som finst

ute i verda, og vi må arbeida med kvotar og kontingentar og alle slag kjøpeavtalar. Det er den måten som verda tvingar oss til å arbeida på.

Presidenten: Presidenten vil foreslå at utenriksministerens redegjørelse blir oversendt den utvidede utenriks- og konstitusjonskomite, - og anser det som enstemmig bifalt.

Referat:²

1. Kgl. med. om Hannevigsaka.
2. Kgl. prp. om statstilskudd til norske selfangeres konsesjonsavgift til Sovjet-Samveldet for tillatelse til å drive selfangst i Kvitsjøen i 1936.

1 og 2 besluttet sendt Utenriks- og konstitusjonskomiteen.

3. Kgl. prp. om ytterligere bevilgning til fremme av fiskeeksporten for 1935/36.

3 besluttet sendt den utvidede utenrikskomite forsterket med 2 medlemmer av Sjøfarts- og fiskerikomiteen.

² Manus til avslutningen av møtet mangler, og er rekonstruert etter møteprotokollen.